ØYAPOSTEN

Nr. 2 • 2009 Årgang 5 • kr 20,- (fastlandspris kr 25,-) Politisk uavhengig lokalavis for Snilstveitøy og Kalven

Så er vi der igjen. Før vi veit ord av det. Ferie på Øyo med plask og glade barnestemmer over alt. Lått frå hytter og hus i dei seine kveldstimane.

Tida går! Dette er faktisk femte årgang med Øyaposten – og du held no det tiande nummeret i handa. Samla har vi produsert 132 sider. Kanskje ikkje så imponerande om ein samanliknar med dei store avisane. Men om dei hadde kutta bort alle dei uviktige sakane hadde dei nok enda opp med same sidetalet.

Av og til spør folk om er noko meir å skriva om. Vi kan forsikra at det ikkje er nokon fare for at avisa går tom for stoff! Tvert imot. Ei takk til alle som bidreg med kommentarar og bilete og tekst – og takk til alle som les avisa!

Fortsatt god sommar!

Paul Skorpen Landhandel
Langope i sommar
man - tor kl. 08-12.00,
og 13.30-18.30
fredag kl. 08-12.00 og
13.30-18.45
laurdag kl. 08.00-12.00
og 13.30-16.00

Bamse, Johannes Hauge og dei to flaskelamma *sommaren 2008.*

Hjå Johannes Hauge i Oppiskorpo – eldste bruket på Skorpo

I sist nummer besøkte vi Marit og Oscar Langballe på Skorpo. Men vi fekk møta fleire på denne vakre øya. Johannes Hauge og alle dyra hans tek vel imot oss i Oppiskorpen – det eldste og opprinnelege hovudbruket på Skorpo.

Av Åslaug Snilstveit Foto: Bjarne Øymyr





Det vert sagt at «Tunet i det blå», *romanen skrive av Herbrand Lavik utgitt 1945, let handlinga utspela seg blant anna i Oppiskorpen.*



Jamvel inn i gamlastovo vil lamma vera med.

I Oppiskorpen har det budd folk i lang tid. Ein finn navn frå denne plassen fyrste gong i skattelistene frå 1519.

Etter at Skorpen vart seld og Langballeslekta tok over fekk folket i Oppiskorpen fortsetja å bu her, dei vart bygslarar under det nye hovudbruket til Langballe og slik er det enno.

Johannes Hauge tek vel imot oss på tunet. Men aller fyrst må vi helsa på hunden Bamse som gøyr alt han orkar. Her skal ingen koma umeldt. Bamse er i pensjon hos Johannes i tre veker. Vi har tru på at Johannes ikkje er typen som seier nei. Her har dyra det fint og det merkar vi fort for snart er her drama. Johannes har to flaskelam og dei er retteleg sjalu og fornærma. Bamse får for mykje kos bak øyra. Johannes er deira kompis, dei vil ha han for seg sjølv, Snart trampar dei i bakkjen og vil stonga og Bamse viser tenner.

Johannes må kjefta endå han likar det dårleg. Johannes har eit ualminneleg godt lag med dyr. Lamma dilter etter kor han går. Jamvel inn i gamlastova vil dei. Men då ler Johannes og skyflar dei venleg ut av døra.

Røykstove frå 1794

– Ja for de vil vel sjå gamlastovo? seier Johannes. At det kunne vera noko slikt her hadde vi ikkje forestillt oss. Vi kjem inn i ein stor sal, ope til taket utan lem. Ikkje ulikt gamlastovo i Vetle Eidsvik på Øyo, berre større.

Gamlestovo var opprinneleg ei røykstove. Stovo er frå 1794. Det står på storebjelken som går tvers over rommet. Her er og namnet Nils Olav Skorpen gravert. I 1874 Lars Haktorsen Skorpen. Olabroren tok over og det er etter dei Johannes Hauge stammar. Johannes finn godstolen, ein klassikar frå 50-talet, og gjer seg til å fortelje vidare om stovo. – Stova er heva $1^1/_2$ band og endra frå rundtømmer til flat. Dette er tydeleg å sjå. Opprinneleg var ho torvtekt med never rundt novene, i dag er ho tekt med skifer.

Stova er både sval om sommaren og varm om vinteren. Det var ikkje vanleg med kjellar under røykstovene (red.anm.) Grunnmuren under stova er sett opp av tilhogde store blokker. Den er spesielt høg og gjer kjellaren til ein god sval – kjølelager for mjølk og for smør

Den gamle røykstova er staseleg. *På storebjelken er årstala 1794 og 1874 inngravert. Vindauga er av nyare dato.*

som vart hengd opp.

– Sjølv om røykstovo er gamal kan løa vera endå eldre. Der vetleåkeren er no har det stått hus før, steinane er flytta opp til siloen, fortel Johannes.

Lars Skorpen – far til Paul og Leifen på Øyo vart fødd her i denne stova fortel han vidare. Mor til Johannes og Paul er syskjenborn.

Vi blir med Johannes ut av gamlestovo. Ved løa står eit stort tre i blomst. Det er ein blomsterlønn, det er eit spesiellt tre og samlar grassalt med mushumle, slike runde humler som surrer på forsommaren. Desse likar ikkje kyrne så ein måtte halda dørene lukka.

Smør gav god inntekt

– Det er i hovudsak smør ein laga på Skorpo. I tillegg dyrka vi bær og frukt. På det meste vart det levert 3000 liter plommer til Torvald Olsen i Bergen, fortel Johannes.

Men det var smør som var hovudnæringa. Dei har aldri levert mjelk. Her var ikkje mjelkerute slik som på Øyo, likevel er ikkje roturen til Uskedalen på meir enn fem minutt i godver.

Mjelke gjorde dei ute, Johannes sette etter kvart opp eit mjelkeskur. – Vi hadde 4-5 kyr, nåke sau, men dei var inne om kvelden vinterstid, kan han fortelja.

Naust både på nordsida og på Sørsida

Oppiskorpen har naust på nordsida – Holmesletta og på sørsida – Eie, det betyr at dei kan nytta båt uansett ver. Er det for gale på eine sida må dei dra båten over. Johannes har sjølv gjort det mange gonger. – Ein legg ludna og dreg øve, fortel han.

Johannes har kjørt skuleskyssen i mange år. Då nytta han loddebåten som han kjøpte i 1966. Johannes og kona Sigrid fekk ingen born sjølve, men dei tok til seg to gutar. Johnny i 1976, som no bur i Rosendal og Odd Erik i 1977 som bur i Stavanger.

Dyra i Oppiskorpen

No har Johannes fem sauer, ein ver, ei ku og ein kalv. Kua er ei heilt spesiell ku. Ho ser noko skummel ut der ho går. Ho har digre horn med ei raud kule i enden. Det eine hornet peiker opp og det andre peikar rett ned, mest i auge på kua sjølv.



Dette staselege biletet er teke i 1911 *og har heidersplass i gamlastovo. Frå venstre ser vi oldemor til Johannes, ho Guro Skorpen i Kvinnhersdrakt, mora Kari, bestemor Anna, Kari og foran Lars Skorpen. Til høgre bestefar Haktor Skorpen.*

Løa kan vera endå eldre enn røykstovo.



Dei to flaskelamma er aldri langt unna Johannes.

Men det ser ikkje ut til å affisera ho det minste. – Horna må skjerast av, fortel Johannes, men det er ei snill ku. Verre er det med veren. Han er illsint så han står i tau. Det set Øyaposten pris på.

Men Johannes har endå fleire dyr. Hønene og dei to hanene hadde vi gløymt.

– Klukse høner får haner på våren, men seint lagde egg blir høner, fortel Johannes.

Klukse høner? Kva er no det?

– Jo, å vera kluks det er når høna rugar på egg, svarar johannes.

– Ei høne med mange kyllinger bur inne på låven for tida, fortel han vidare. – Kyllingane var på låven, men måren klarte likevel å koma til og drap fleire. Mora klarte å berga tre stykk, men alle halefjørne er vekk så ho ser ut som ho har vore i krigen, og det har ho jo. – Når høna er kluks er ho sver til å forsvara seg.

Vi kikar imponert ned på ei litt pjusk høne som glor trassigt tilbake.

Turstien til Skorpenuten passerer rett nedanfor løo. Dit vil vi neste gong vi skal til Skorpo. Kanskje vi får sjå ei rar ku, eller ei kluks høne på vegen.

Gamalt nytt

Biletet er lånt av Magne Snilstveit

Oppigarden *Hjelp til å fiksa rokken kunne ein sakten trenga. Her ser vi ein bykar i arbeid med rokken til Sella Snilstveit som var oppvaksen i Oppigarden. Bak leikar Jimmen – John Snilstveit. I bakgrunnen ser vi den gamle løa. Her heldt smalene til i venstre enden. I Svalo i høgre delen hadde mor til Sella høns. Det har vore sagt at utkiksbua, som i gamal tid stod på Veten, skal vera ein del av løo. Men det er ikkje bekrefta.*

Biletet er lånt av Sigrid Lepsøy. Brudeparet er hennar besteforeldre.

Biletet er lånt av Gunnar Magne Snilstveit

Bildet til venstre:
Peder Jonsson Øye (Pera Peren) og Sella Morteinsdotter Flatebø frå Nordrepollen gifta seg i 1898. Dei var baptistar. Sella fødte ti barn heime i Øye i tida 1900 til 1918 og alle vaks dei opp.

Sommar og slått på bakkane til Oppigarden.
Frå venstre ser vi Jens Øye og systera Elisabeth – Liso. Dei to fyrste ungane er byfolk, nestemann er Jim Snilstveit. Hestekaren er Tobben – Torbjørn Øye . Hesten er den sintaste og argaste hesten som nokon gong har vore på Øyo fortel Magne Snilstveit. Ho vart kalla Oppigardsmerro. Ho både sparka og beit, og det var berre Tobben som kunne med ho. Men uvanleg god arbeidshest det var ho.

Biletet er lånt av Magne Snilstveit

Sommar og ungdomar på Øyo a la Gatsby, omlag 1934. Frå venstre ser vi Karl Øren, Marie Øye, Jens Snilstveit, Vetlejon – Jon Eidsvik, Harry Øye, ukjent, bak med sixpence Vikajensen – Jens Eidsvik, Torbjørn Øye, Signe Øye i blomstrete kjole, Bernt Øren bakom henne. Dei to siste til høgre er ukjente. Foran ser vi Malena Øren og Per Kalven.

Kven er dette?

Biletet er lånt av Vigdis Snilstveit

På drivgarnsfiskje ved Haugesund ca 1930. Nummer to framme er redar og eigar av båten, Samson Eidsvik frå Eidsvikjo. Bak og til høgre for han sit Lars Snilstveit (Pitralars) Bak til høgre for Lars ser vi Sigurd Snilstveit. Dei andre kjenner vi ikkje navnet på. Båten er anten Ruby eller Signy.

Nytt liv for «B

Øyaposten har vore på «sluping» rundt Kalven med den nyrestaurerte Barmaslupen – ein nydeleg sommarkveld i starten av Juli...

TEKST OG FOTO: BJARNE ØYMYR

Eit vakrare eventyr skal ein leita lenge etter. Motoren (Marna 8-11) målar som ein katt, med jamne dovne hjarteslag. Pffff-pffff-pffff-pffff. Akkurat passe høgt – og så vakkert. Og det er ingen problem med å halda samtalen igong.

Vi sit lågt på dei nylakka benkane – handa rekk ned i sjøen og gir ein nærhet til elementane ein berre kan drøyma om frå ein flybridge.

Øyaposten har fulgt arbeidet med Barmaslupen sidan båten vart frakta frå Barmen og kom opp på kaia på Vetøy i juni 2007. Då var det berre eit skal utan motor – og ein smule sliten i lakken for å seia det forsiktig. Fleire naglar og nokre bord var klare for utskifting. Harald Oma og Leon Brufladt tok seg straks av dei største problema, og fekk installert motor – ein flott Marna 8-11. Og så var det ut på sjøen igjen.

No er båten bokstavleg talt gått nærare etter i saumane. I vinter har slupen vore oppe på låven i Krikjen og fått seg ei skikkelig overhaling hjå båtbyggjar Harald Oma. Harald – i kompaniskap med båtbyggjarlærling Leon – har gjort ein grundig jobb. Bakkane er bytt ut – både framme og bak. Gamle bord er erstatta med annankvar stav med eik og furu. Tiljane er nye og dei har laga nye benker. Nye skott er satt inn – og heilt ny reling eller skvettbord. Harald har dessutan laga heilt nye årar. I tillegg har dei skifta eit stort tal naglar som meir eller mindre var rusta bort.

Båten vart bygd på Lyngstranda av Jørgen Ramskrø. Tidspunktet er litt usikkert, men Harald meiner det kan ha vore på 50-talet. Kristian Bruåsdal kjøpte båten kring 1970 av Knut Øyerhamn, og hadde båten i ti år – fram til Johan Øye overtok han. Sidan har han hatt Barmen som hovudbase. Båten har hatt rigg og mellom anna vore nytta til segling.

20. april i år kom slupen attende til sitt rette element. No har han fått putar og flagg og tauverk av rette sorten. Det meste er blitt som i gamle dagar – med eit unntak: Då Øyaposten var med på sluping var navigatøren utstyrt med laptop med sjøkart og GPS. Men etter kva vi forstår er dette ikkje ein fast installasjon, og eigarane har heller ingen planar om å installera gyrokompass eller baugpropell.

Det er reiarlaget Brufladt og Brufladt (Leon og Kenneth) som no eig og driftar Barmaslupen. Dei veit å nytta båten, og han er allereie blitt eit kjærkomment syn. Det varmar i sjela å sjå Barmaslupen gjennom Kalvsund ein sein sommarkveld i 2,8 knop.

Leon og Kenneth har og planar om å få på plass rigg og segl. I vår kom det brått to karar gåande ut av Svinaskogen forbi hovudkontoret til Øyaposten – berande på ein granstokk. Det var Leon & Co som hadde vore i skogen og funnet seg emne til mast. Leon har høvla stokken, og no ligg han til tørking nokre månader. Neste steg er å få på plass segl. Øyaposten vil sjølvsagt halda lesarane oppdatert om den vidare utviklinga.

Og om nokon undrast på kva «sluping» tyder er forklaringa vi har fått omlag slik: å tøffa så sakte som båten kan gå – utan mål og meining – gjerne saman med gode vener...

Harald Oma 2007.

Leon og Kenneth på veg gjennom Kalvsund i 2,8 knop

På sluping forbi Vetøy *– bakken lysar som eit møbel...*

armaslupen»

k imot Barmaslupen på kaia på Vetøy i juni

Her i verkstaden til Harald fekk Barmaslupen ei radikal overhaling. Harald legg på annankvar stav med eik og furu på bakken.

I januar var jobben gjort – og slupen skein som eit møbel. Harald er godt nøgd med resultatet – og det har han grunn til!

«å slupa = å tøffa så sakte som båten kan gå – utan mål og meining...»

Om skipsbygging frå 1900 til våre dagar, del II

Vi held fram med historia til Alfred Eidsvik om Edsvik Skipsbyggeri som starta i sist nummer. Vi er komne til 1917 og Alfred Eidsvik må reisa ut for å få arbeid.

AV ALFRED EIDSVIK BILETA ER LÅNT AV ALF EIDSVIK, JOHAN EIDSVIK OG MAGNE SNILSTVEIT

Peder Alfred Eidsvik

Ute på arbeid som tømmermann

Petter Snilstveit og eg fekk arbeid hjå Kristoffer Hjelmeland som på den tid bygde ein 60 fots kutter med namnet Veten. Vi vart ferdige med dette arbeidet til nyåret 1918.

Då fekk eg arbeid hos kaptein Albrektson som hadde sett i gang med treskofabrikk i Dimmelsvik. Der var eg i 3 månader. Lageret var då så stort at arbeidet vart stogga.

Tunnefabrikken vart sett i gang med Albrektson som disponent. vi gjekk direkte over frå treskoarbeid til å arbeide med tunner. Her var eg i nye 3 månader. Då kunne eg få arbeid hos Gravdal på Sunde. Eg likte betre å arbeida på skipsbyggeri. Sa opp jobben i Dimmelsvik og reiste til Sunde. Her var mykje arbeid som skulle gjerast ferdig. To skonnerter på 500 og 600 tonn, Ulikstopp og Gutorm Alsaker, var under arbeid, – likeins ein stor pram og ei føringsskuta.

Krigen var slutt på hausten 1918 og det vr lite arbeid. Gutorm Alsaker var ferdig fram mot jul det året. Tanken var at Albrektson skulle føra båten og ville ha meg med som tømermann. Det vart ikkje noko av så det vart heller ikkje tur.

Petter Sigurd Snilstveit

Kristoffer Hjelmeland

Lars Snilstveit

Jens Snilstveit

Karl Øren

Vika Jensen Jens Eidsvik

Det var kome til noko arbeid i Næset. Eg reiste heim og var med på reparasjonsarbeid på to Haugesundsbåtar, Niagara og Fossen – dei skulle begge skifta motorar.

Ei stor hardingskøyta rigga vi ned og bygde den om til føringskuta. Det vart bygd ein 42 fots kutter til Nordfjord. Så var det slutt på arbeid for denne gongen. Gjert fekk spurnad frå Måløy om han kunne skaffa ein tømmermann for å arbeida to motorfundament. Eg fekk jobben og reiste til Måløy og var der i to månader. Arbeidet var ferdig til jul. Heime var det framleis ikkje arbeid, men Lars, Petter og Jens Snilstveit og eg fekk arbeid på Sandnes Slip og Mek Verkstad i eit halvt år. Ein båt frå Sagvågen var innom ein dag. Dei kunne fortelja at det var godt om arbeid på Stord. Eg tok kontakt og fekk jobb til Lars Snilstveit og meg, reiste og tok til i arbeidet utan avbrot av noko slag. Ein ny 500 tonn steambåt, Mons, vart bygd der då, likeins det fyrste Betelskipet. Vibrand frå Haugesund, også bygd i Rosendal, var innom for reperasjon. Båten hadde berre halvbakke og i ruskever fekk ein vatn i mannskapslugarane. Bakken skulle byggjast opp i full høgd. Dette arbeidet var eg og med på. Seinare vart det at eg og ein Naustvik skulle ta oss av betelskipet med innreiingsarbeid. 150 mann var i arbeid i Sagvågen no. Det vart vanskeleg med nye jobbar, fleire vart oppsagde. Eg og Lars Snilstveit var i den siste gjengen. Då var det berre att 8 mann som skulle gjera ferdig ei skøyte.

Etter militærtenesta i 1922 reiste eg og Karl Øren til Haugesund og fekk hyra på ein liten lastebåt, Magnhild, men det vart ein stutt sjøtur. Mandlane plaga meg og på ein tur innom Bergen, gjekk eg i land kom på sjukehus og fekk operasjon.

Heimkomen att fekk Gjert kontrakt på ei klinkerbygd skjøyte til Nordfjord – på 32 fot. Eg vart spurd om eg ville vera med han på arbeidet. Det gjorde eg og vi fekk kontrakt på ei same sort til. dette var i 1923. det vart framover no godt med arbeid og vi tok inn fleire folk, – tilsaman 8 mann fram til 1929.



***Den fyrste båtvarven** låg ved sida av Torger Øye sitt naust t.h. på biletet. Båten ligg i dag hjå Johannes Hauge på Skorpen.*

På eigen varvaplass – Starten på A/S Eidsvik

I året 1929 sette eg opp ein liten båtverv og byrja for meg sjølv med båtbygging. Det er soleis rettast å rekna dette for starten på det som skulle bli A/S Eidsvik Skipsbyggeri.

Før denne tida hadde eg rett nok bygd tre 22 fots motorbåtar på fritida mi, – to sjekter for Sunde og Søyland i Bergen og ein til Jonas Kirkhus. Desse båtane var alle bygde av lerketre. I den nye verkstaden min bygde eg færingsbåtar, heksbåtar og motorsjekter. Eg hadde stor tinging og det gjekk godt nokre år. Prisane var låge,

Biletet øverst syner Solfjell, *den fyrste store båten Alfred bygde på Eikelandet.*
Biletet over *er frå den fyrste varvaplassen i Uskedalen som var på Eikelandet.*

Her ser vi Alfred Eidsvik sin arbeidsgjeng *etter at han starta med stålbåtar. Fleire av desse hadde som Alfred starta med trebåtar. Frå v.ståande Alfred Eidsvik, Torbjørn Øyre, Eivind Steinsletten, Arne Haugse, Alf Eidsvik, Øystein rød, Kåre Ljosnes, Knut Håland, Arne Rød, Bernt Steinsletten, og Olav Skålnes. Foran f.v. Per Eidsvik, Mikal Rød, Torgeir Eidsvik, Norvald eik, dei to siste er usikre.*

men eg fekk vera heima.

I 1933 flytte eg verkstaden til Lindestølen. På same tid hadde Gjerten ein 72 fots båt under arbeid og bad meg vera med for å få den ferdig i rett tid. Det vart til det, men med det miste eg kundar.

Båten i Næset vart sjøsett og eg skulle gjera arbeidet med motorfundamentet, eg vart med til Rubbestadneset og gjorde alt ferdig der – også oppbygging av motoren.

Etter dette reiste eg heim att og bygde ein 26 fots båt til Kopervik. Eg fylgde med båten til Karmøy og monterte motoren der. So bar det til Avaldsnes for å leggja nytt dekk og bygde nytt styrehus på ein kutter. Sameleis til Vedavågen og bygde ny ruff og styrehus og innreia lugarar akter på ein fransk tråler som nyss var innkjøpt der.

Eg tok so til med ein båt som eigentleg ikkje var tinga, men før den var ferdig fekk eg spurnad frå Wikmann Motorfabrikk om eg kunne vera med og laga motorfundament i to båtar. Det lova eg. Den eine var bygd i Næset, den andre hos Skåluren. So var det heim for å fullføra det eg var byrja på.

Vi var komne til 1939 på hausten, – den store verdskrigen var byrja i september og det var slutt på arbeidet i Næset. Eg tok ein Haugesundsbåt på land i Kalvsundet for reperasjon. eg reiste til Kopervik for å gjera noko på ein båt – Gullregn. So kom krigen til Noreg. Bankane betalte ikkje ut pengar og arbeidslivet vart i fyrste omgang lamma. Vi var i villreie. Kva skulle vi finna på? Etter ein tur til Kopervik, bar det slik til at Hugo Arnesen i Uskedalen hadde vore på land med Skøyta si Strømpil og skada kjølen. Båten stod på slipp hos Haugen i Dimmelsvik. Eg vart spurd om eg kunne ta reperasjonen. Eg var glad til – eg fekk Vika Jensen med meg og vi skifta kjølstykke, skifta plankar i botnen og dreiv dekket. For denne jobben fekk vi 1 kr timen. Dette var uhøyrt stor betaling. Nokre andre småjobbar var det og hos Haugen.

Til Uskedalen – Solfjell – Eikelandet

Ein sundag eg låg og kvilde meg kom det uventa besøk. Edvard Myklebust kom til Lindestølen og spurte om eg kunne ta på meg og byggja båt til Tøres Myklebust i Uskedalen.

Han skulle kjøpa inn materialar sjølv. Eg skulle berre gjera arbeidet. Alt på måndag reiste eg til Uskedalen og vart samd med Myklebust om å byggja ein 95 fots båt for han.

Teikningar og spanttabell hadde han fått hos Skåluren. Meir av teikningar hadde vi ikkje å hjelpa oss med den gongen. Arbeidet tok til straks. Tømmeret henta vi i Djønno i Hardanger. Spanttømmeret sideskar vi på ei båndsag, – ein noko tungvint måte, men det gjekk det og.

Om skipsbygging frå 1900 til våre dagar, del II

Sigurd Vindenes frå Strandvik *i Fusa døyper her båten sin – Vinger, den nye fiskebåten på 22,2m bygd 1955. – Den finaste båten vi har bygd, seier son til Alfred, Alf Eidsvik,*

Den fyrste stålbåten – Endre Dyrøy *– vart bygd i 1956. Denne fiskebåten vart bygd for same rederi som Solfjell.*

Denne våren var Torger (eldste sonen red.) ferdig på skulen. Han vart sett på spanteplanen. Han laut, slik so eg fyrste tida, skofta arbeid mens han gjekk for presten. Det var stort sett Torger og eg som bygde båten.

Fyrste tida budde vi på eit rom på Eikelandet og stelte oss med maten sjølve. Vi fekk so leiga ovanpå på Stølen, flytte frå Lindestølen og budde på Stølen i 10 år. Arbeidet med det som skulle bli Solfjell tok 4 år. Stor var dagen når vi skulle sjøsetja. Det var nytt i bygda og mykje folk møtte fram, – også frå grannebygdene. Skulen tok fri og om lag 300 var møtt fram. Sjøsetjinga gjekk fint.

Etter at Solfjell var ferdig, kom eg i kontakt med Johan Kallakot. Han ville ha ein 72 fots båt. Tømmeret var skore og sagd opp. Helst ville han at vi skulle flytta med til Kallakot for å byggja der. Det vart ikkje noko av. Vi hadde ikkje hug til å flytta frå Uskedalen. – Slik vart det at eg leigde plass på Eikelandet og bygde Kallakot og ein 36 fots open båt til Ryfylke. Nokre reperasjonar vart og utført på denne varvaplassen.

Goakaste på Børnes

I 1946 fekk eg leiga Goakaste for 30 år – oppstarten for det noverande byggeriet. Det var tungvint i byrjinga med snaue fjæra. Vi rydja veg til plassen og fekk skote bort so mykje stein at vi fekk laga til ein bedding. Startkapitalen var 5000 kroner.

Fyrste oppdraget var Norholm til Hjønnevåg i Uskedalen. Tyskarane hadde hatt båten og den var ille medfaren. Reperasjonen var stor og vi skulle også forlengja han. Eg bygde så såpeslipp og nytta gongspel som opphalingsvinsj. Norholm var den fryste båten som var landsett på varven i Uskedalen. Det var godt med arbeid og fleire nybygg kom til, – Mannsfjell, Borgøyfjell, Skiforjord, Vinger og Skarnes. So kom kolfyrperioden og det vart slutt på nybygg. Det vart ein daudperiode og eg freista halda det gåande med andre oppdrag, – eit hus, dørar og glaskarmar. Dette siste arbeidet tapte eg pengar på.

I 1956 fekk eg lån og la ut ein patentslipp. Den var det stor bruk for og vi hadde mange farty på land for reingjering og smurning. Oftast var det og mykje anna som skulle gjerast når fyrst fartyet var på land.

Fyrste stålbåten – ny byggjemetode

Året 1957 skulle Solfjells rederi ha bygd ein 92 fots stålbåt. Tøres Myklebust ville gjerne at eg skulle byggja båten, men eg hadde korkje fagkunnskap eller utstyr til jobben. Myklebust gav seg ikkje og det var freistande for meg å prøva. Vi reiste til Bergen og møtte parthaverane, – Fiskebas Dyrøy, handelsmann Sekkingstad og Salbu. Den siste var direktør for hotell Terminus. Eg kjende dei frå tida med Solfjell. Vi drøfta heile opplegget og vi vart samde om prisen. Det vart til at eg skreiv under kontrakten. Dei var godt nøgde med arbeidet mitt med Solfjell. Etter møtet var eg svært tvilrådig. Var dette klokt, skal tru. Vel heime sette vi i gong og med gode folk, trass lite utstyr, gjekk det fint.

Vi hadde ikkje støypt bedding. Kjølen la vi på trekar slik vi hadde gjort med trebåtar. Bukkemaskin hadde vi ikkje. Eg kjøpte ei stor skrua, sette på ratt av røyr. Skrua feste vi til eit arbeidsbord som var påsveist to motstandarar. Drivkrafta var handamakt. Det gjekk utruleg snart å bukka spanta og fine vart dei.

Kran hadde vi heller ikkje, men vi kjøpte ein kranbil som var til god nytte. Elles hadde vi patenttaljer når det var større løft. Hudplater som måtte valsas tok vi på lastebilen og kjørte til Gravdel. Der fekk vi låna platevalse. Seinare kjøpte eg ein automatisk skjerbrennar som vi skar platene med. Sveisarar var det dårleg med, men vi fekk leiga nokre faglærte sveisarar til dess vi fekk lært opp våre egne.

Denne stålbåten skulle vera ferdig til vinterfiske. Det såg skralt ut, men vi greidde det og båten kom av garde. Vi hadde dermed makta å byggja den fyrste stålbåten. Resultatet vart svært godt trass lite og svært primitivt utstyr. Det var utruleg nok den båten eg har hatt størst forteneste på. Vi tykte nok vi var over den verste kneiken. Nytt og betre utstyr vart innkjøpt, etter som økonomien tillet det.

Båt nr 2 var ein 80 fots båt til Ålesunsdkanten, – Relin heitte den. So vart det to båtar til Island, –



Biletet øverst syner Goakastet, *hit flytta Eidsvik Skipsbygger i 1946. Norholm, båten på biletet var ille medfaren av tyskerane og skulle reparerst og forlengast. Det var det fyrste oppdraget på Goakastet. Begge tresnekkene i forgrunnen er typiske tresnekker bygd av Alfred. Den til venstre har enno ikkje fått taket ferdigt.*

Lystbåten Sinbad *som herr Scott frå Mexico fekk bygd i 1960. Den vart heva frå sjøbotnen i Mexico etter eit havari og vart renovert ca 1990. Dette førte til at Eidsvik Skipsbyggeri fekk henvendelse om å bygga fleire slike.*

Herr Scott *ser vi i kvit jakke til høgre for Alfred Eidsvik. Alfred hadde ein lojal arbeidsgjeng. Mange av karane går igjen frå biletet side 11.*

Stefan Bend og Olav Trygvason. deretter kom ein til Frøya, – Frøyvarden og Stormy til Remøy.

Lystbåt skapar vanskar

Det kom så ein Chott og ville ha ein lystbåt på 80 fot til ein meksikaner. Det såg ut til å bli eit interresant oppdrag og vi sette i gang. Då båten skulle overleverast var det ugreie mellom Chott og reiaren. Det kom til rettssak og båten vart lagt opp. Chott hadde tinga ein ny båt lik den fyrste og vi hadde alt spanta den opp. Chott kom i pengevanskar og gjekk frå avtalen vi hadde med han om den andre. Eg fekk dermed problem og måtte søkja akkord. Arbeidsfolka måtte seiast opp og det vart slutt på verven. Det vart eit dårleg år. Sjølv vart eg sjuk og måtte på sjukehus.

Sønene mine Torger, Per og Alf tek over

I 1963 overdreg eg byggeriet til sønene mine. Før det fekk eg gjort opp akkorden og selt skroget som var oppspanta, Gutane mine får no byggeriet på fote att. Eg var fyrste tida med litt i leiinga, men med tida drog eg meg langsomt ut. Eg tok so til med å byggja småbåtar og det held eg litt på med enno.

Takk til Alf Eidsvik, yngste son av Alfred for at vi har fått lov å gjengi Alfred si forteljing om starten på Eidsvik Skipsbyggeri, og for lån av bilete. Alf er no pensjonist. I dag vert Eidsvik Skipbyggeri driven av 3. generasjon ved Svein Arne Eidsvik. Nett no held dei på og klargjer ein kjempestor supplybåt og har over 100 mann i sving.

Slått over sjø og land!

Høg last! *Som vi ser ragar lasta høgt over både Melderskin og Malmangernuten!*

Det starta i fjor – då Siri og Sigbjørn i Vetle Eidsvikjo ba om å få slå ein bakke på Snilstveit fordi mykje tørke hadde redusert avlinga. For å vera på den sikre sida ville dei gjerne hausta litt ekstra til for.

TEKST OG FOTO: BJARNE ØYMYR

I år gjentok dei slåtten. Med 19 sauar som har lemba, er det bra med litt ekstra forsyningar.

Graset på Snilstveit er kanskje ikkje av den mest næringsrike sorten, men det er ekte økologisk! For her har det ikkje vore gjødsla på mange år.

Sigbjørn hadde fått med seg kollega Ingo og sonen Andreas, medan Siri stod for slåtten i Eidsvikjo.

No er det vel ikkje så spesielt at ein bakke blir slått. Men prosessen med å få høyet heim er i dette tilfellet noko utanom det vanlege – og ikkje så reint lite arbeidsintensiv.

Først må høyet slåast. Etter nokre dagar med tørking i 30 varmegradar puttar dei høyet i store sekker. Desse fraktar dei med traktor ned til sjøen, der «Simon» (båten altså) ventar.

Så er det å stable ombord alt ein kan få plass til i høgda og breidda – og ein skal vel ikkje sjå bort frå at utsynet frå førarplassen kan vera noko redusert. Eit par sekkar vart det og plass til på vetlebåten til Andreas.

Så tøffa dei lasta rundt til Essvikjo. Der venta ein ny operasjon – med transport på traktor opp til løo.

Det heile gjekk føre seg i 30 varmegradar. Fotografen var utsleten etter å ha tatt nokre få bilete. Denne slåtten må ein kunne kalla ekstremsport – av den nyttige sorten. Det er berre å ta av seg solhatten!

Kulissane er himmelske *og sommarveret strålande. Men ikkje fritt for at slått kan vera eit slit! Ingo ser nok fram til eit bad i Essvikjo.*

Ikkje heilt enkelt *å sjå kva slag kjøyredoning dette er – og ikkje mykje plass til møtande trafikk. Men det er altså ein traktor med brei og høg last på veg mot sjøen...*

Her er ein av dei heldige *på andre sida av Øyo som snart skal få smaka gras frå Snilstveit.*

Storproduksjon i Krikjen

BÅTBYGGING: Det har vore stor aktivitet i båtverkstaden til Harald Oma i vinter. Etter at Barmaslupen var ferdig spente Harald opp kjølen til ein strandebarmar. Det vart ein flott færing, omlag 17 fot lang, og bygd i furu på eik.

Og straks færingen var ute av løo var Harald igang igjen – denne gongen med ei Eke. Denne var tinga av ein kar frå Trondheim, og vart sendt nordover med hurtigruta no i starten av juli. Harald bygg båtar etter tinging, så no er det faktisk mogleg å skaffa seg ein ekte øyabåt.

Skulehuset

Skulehuset har ei bakside som og treng målast. Her er dyktige dugnadsfolk i sving med fyrste strøket. No skin snart skulehuset om kapp med sola.

Båthamna

I påska var det kjempflott innsats på dugnaden i båthamna. Og nokre eldsjeler har fått på plass nye hyller til kvar og ein.

Løysing på oppgåver i Nr 1-2009

Løysinga på Kva er dette *i førre utgåve: «Loddet» har vi lånt hos Marit og Oscar Langballe. Det veg fleire kilo og vart nytta til å halda lokket på plass opppå grytene. Vi har trekt ein vinnar. Gratulerer Pia, du kan henta deg eit gratis nummer av Øyaposten hos Bjørn Arne i butikken.*

Løysinga på Kor er dette *i førre utgåve var badebøyen i evjo. Mange hadde svart rett. Gratulerer Anders Eikefjord, du kan henta deg eit gratis nummer av Øyaposten hos Bjørn Arne i butikken.*

Kor tjukk er stolpen no?

Stolpen attmed vegen ned til båthamna vert stadig tunnare. Det skuldast populariteten han har blant hjorten som fer forbi. Tipp kor tjukk han er og send svaret på sms til 90096773, eller på e-post til redaksjon@oyaposten.no.
NB! Om du målar sjølve – hugs fláttsjekk!

Har du gamle bilete?

Av – hus eller folk – i arbeid – kvardag – eller fest – på Øyo før i tio. Del dei med fleire!

Vi avfotograferer dei gjerne på staden, eller skannar 90 09 67 73 tips@oyaposten.no

BYMA'EN...



Leifaskjøyto



Biletet er lånt av Johannes Hauge

"Øya" nesten ferdigbygd. *Her ser vi Lars Skorpen (t.v) i passiar med ukjent. Oppi båten er dei i full gang med styrehuset.*

«Øya» er ein ekte øyabåt. Ho var bygd på Øyo – i Øyevikjo, ho gjekk i «fart» på Øyo, og ho bar namnet «Øya»! Ei opplagd historie for Øyaposten.

Skøyta har teke i mangt eit tungt tak over vikjo, og i dag ville ein vel gjerne formulera det slik at «Øya» var ein viktig del av infrastrukturen i øysamfunnet. Det var «Leifen» Leif Skorpen som fekk båten bygd, og naturleg nok gjekk båten og under namnet «Leifaskøyto».

«Øya» var 33 fot lang og omlag 3,5 meter brei, med utvendig ror. Ho vart bygd omkring 1952, og det var mellom anna Jon Gjertson Eidsvik og Leifen sjølv som stod for arbeidet. Motoren var ein Union 7-9 med oppfyring. Det vil seia at ein ikkje berre kunne vri om nykkjelen, men måtte varma opp eit glødehode før ein kunne starta. Leifen bytta seinare ut Union'en med ein 18-22 Sabb.

Skøyta vart nytta til mjølkeføring. «Alle» på Øyo leverte mjølk i den tida. Det gjekk i mjølkespann på 20 liter. Spanna var mange og tunge. Det er ikkje få liter mjølk «Øya» har ført over vikjo. Den første tida vart mjølka levert i Rosendal. Seinare, frå omkring 1958, førte dei mjølka til det nye meieriet på Seim.

Dei var og på turar til Bergen for å henta varer til butikken som Paul, bror til Leifen, dreiv på Øyo. Då var gjerne Bård Tveitnes med, det var han som hadde handelsbrev.

Nils Aasheim fortel at båten fekk namnet «Andrea». *Ho var rigga med 2 mastar med storsegl og mesan. «Andrea» var no ein ekte turbåt med sovekabin for fire og salong med sitjegruppe. Dessutan var det toalett. Pentryet fekk plass oppe i styrehuset.*

I 1969 kjøpte Leif og Paul ei anna skøyte – nemleg «Hobbo» (sjå Øyaposten nr 2/2008). Etter det fekk han mindre bruk for «Øya». I 1973 selde han ho til Andreas Taraldsøy frå Skånevik. Han bygde ho om til turbåt, og i 1978 selde han båten vidare til Nils Aasheim som og er busett i Skånevik.

Utpå 80-talet selde Aasheim skøyta vidare til Tananger. Der sluttar førebels spora etter «Øyo» og «Leifaskøyto» og "Andrea". Om nokon har sett ein båt i dei traktane kan vera "Øya", vil vi gjerne ha tips! (tips@oyaposten.no).

ØYAPOSTEN
www.oyaposten.no

Øyaposten kjem ut to gonger i året. Utgjeve på frivillig hobbybasis med støtte og innspel frå slekt og vener. Ho vert laga av Bjarne Øymyr og Åslaug Snilstveit. Ein spesiell takk til Magne Snilstveit, Alf Eidsvik, Johannes Hauge og ellers alle vi har fått hjelp av. Artiklar, bilete og innspel kan de senda på mail til: redaksjon@oyaposten.no, eller pr post til: Åslaug Snilstveit, Skeishagen 80B, 5470 Rosendal, eller 5473 Snilstveitøy. Tipstelefon 90 09 67 73 E-post: **tips@oyaposten.no**